

Ordskifte

INNLEGG OVER 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM KAN BLI NEDKORTA
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Cicero driv ei underleg blanding
av politikk og vitskap.»

Klimakatastrofe

OLJE
SIGBJØRN GRØNÅS
OS

Stor takk til Jon Hustad, som i Dag og Tid 11. november gir oss kunnskap om utvinning av ukonvensjonelle fossile drivstoff i Nord-Amerika (olje frå oljesand, olje frå oljeskifer og olje frå skiferolje). Til no er slike kjelder omtrent ikkje utnytta, men reservane er enorme, som Hustad peikar på. Utvinninga er for det meste svært energikrevjande, slik er energien stort sett skitnare enn energi frå kol når det gjeld utslipp av CO₂. Bruk av halvparten av kjeldene vil gi ein auke av CO₂ i atmosfæren dobbelt så stor som aukinga frå den industrielle revolusjonen og fram til no (James Hansen).

Klimavitskapen finn at for å oppnå togradersmålet må omtrent 70 prosent av konvensjonelle kjelder bli verande att i jorda, og ukonvensjonelle kjelder kan ikkje røstast. Som om ikkje dette er nok, den verdsleiarande klimaforskaren James Hansen finn at togradersmålet er ei oppskrift på katastrofe.

Aukinga i klimautslippa i verda er større enn nokon gong. Alt tyder på at aukinga

vil halda fram i fleire tiår og styrkjast gjennom utstrakt utvinning av ukonvensjonelle fossilkjelder. Klimakatastrofen er då ein sikker konsekvens. Havet vil stiga mange meter. Og tida for stabilt havnivå, som vår sivilisasjon har note godt av siste seks tusen år, vil vera omme. Det usikre er ikkje om havet vil stiga, men kor lang tid det vil ta, det vil seia kva for ein generasjon som først blir råka for alvor. I tillegg kjem ei rekkje andre farlege klimaendringar og eit stort tap av biologisk mangfald.

I vår gav James Hansen saman med fleire andre kjende klimaforskarar ut ein vitskapleg artikkel, adressert til styresmaktene i verda, med sterkare åtvaringar enn nokon gong før. No i november er det sjølvaste IEA, Det internasjonale energi-byrået, som alarmerer.

I den årlege rapporten inkluderer IEA – som framleis held seg til togradersmålet – at verda truleg går inn i irreversible klimaendringar innan fem år. Alt tyder på at det blir bygd så mange kraftverk, så mykje industri og så mange køyretøy baserte på fossilt drivstoff dei neste fem åra, at det vert umogeleg å halda den globale opp-

varminga innanfor akseptable grenser. Siste sjanse for å nedkjempa farlege klimaendringar vil bli borte for alltid, kjem IEA fram til.

Hansen meiner at klimaendringane enno kan stabiliserast for å berga jorda for etterkommarane våre og for alt liv. Oppgåva er enorm og utgjør den største moralske utfordringa i verda, viktigare, meir krevjande og omfattande enn det var å oppheva slaveriet på 1800-talet og nedkjempa nazismen i førre hundreåret.

Media i Noreg ignorerte artikkelen til Hansen og medforskarar. Truleg skjer det same med rapporten til IEA. Likesæla andsynes den globale oppvarminga er overveldande. Regjeringa velsignar Statoils prosjekt i Nord-Amerika og kjem truleg ikkje med konkrete planar for klimakutt i Noreg før fram mot neste stortingsval. Ho trur det held med å skaffa seg avlat i u-land for glasperler.

Eg merkjer meg eit ordskifte i Dag og Tid om norske haldningar til nazismen i 1930-åra. Når skal bladet for alvor varsle om korleis vi med forbruket vårt øydelegg jorda?

Sigbjørn Grønås er professor emeritus i meteorologi.

Klimakaos?

KLIMA
TRYGVE REFSDAL
VOSS

Dag og Tid intervjuar tre sentrale personar i norsk klimapolitikk: miljø- og utviklingsminister Erik Solheim, Harald Dovland, som har vore norsk leiar i internasjonale klimaforhandlingar, og Knut H. Alfsen, som er forskingsdirektør i Cicero.

Dei er alle bekymra, svært bekymra. Det har me alle grunn til å vera. Viljen til utslippe skutt minkar. Me har kasta bort fjorten viktige år, frå 1997 til i dag. Aldri før har utsleppa av drivhusgassar auka så raskt. For drivhusgassen CO₂ i atmosfæren har den årlege veksten auka frå 1,52 ppm per år på 1990-talet til 2,04 ppm per år i tiåret etter år 2000. Dette er realitetane, fjernt frå tsunamien av honnørord og visjonar.

Det som verre er: Me har i denne perioden, gjennom politikken vår 1997–2011, lagt eit solid grunnlag for ein vidare auke i tiåra som kjem.

Eg meiner at dei tre som er intervjuar, har stått for mang-

lande realisme. Knut H. Alfsen var sentral i arbeidet til Lavutslippsutvalget i 2005–06. Tilrådingane der har vist seg å ikkje halda mål.

Nokre av oss såg straks mangelen på naturfagleg kompetanse i arbeidet deira, men det var vanskeleg å koma til orde i debatten. Mellom anna var her ei grov undervurdering av den sentrale rolla skogen spelar som karbonlager og -sluk, og ei enkel tru på at biodrivstoff var CO₂-nøytral. Framleis er dette ikkje fullt forstått. På heimside til Bjerknes-senteret til Universitetet i Bergen finn me i 2011 slike mistydingar, bygde på NOU 2006:18, som at «trærne ... står for cirka 10 % ... av skogens karbonlager». I Ciceros klimamagasin 4–11 finn me to artiklar i same lei, ein knytt til RENERGI-programmet og ein knytt til TEMPO-prosjektet.

Eg meiner også at trua på at internasjonale tingingar gjev oss klimakutt, er lite realistisk. Harald Dovland seier at han er ein varm forsvarar av Kyoto-avtalen. Eg meiner at denne avtalen er kontraproduktiv. Det som vert framstilt som «kli-

makutt», er i stor grad «klimaflytt». Elektrifiseringa av oljeinstallasjonar på den norske sokelen er eit skrekkeeksempel på ressursøyding, men ho gjev oss plusspoeng i Kyoto.

Erik Solheim seier at «gjenom å verne regnskog i andre land har vi fått til ti gonger meir utslippeksjon enn om vi la ned heile Noreg». Eg meiner at denne utsegna er tvilsam. Det er altfor tidleg å dra bastante konklusjonar av dagens satsing i fjerne land. Ei tidlegare satsing på dette feltet, Tropical Forestry Action Plan, gav knapt målbar resultat. Overføring av milliardar kan stundom løysa problem, men kan også skapa problem.

Eg synest at me har brukt for mykje tid på grønvasking og på luftige visjonar. Tida er inne for handling. Fokus må vera på det enorme overforbruket vårt av energi. Det må leggjast meir skatt på energibruk og mindre på arbeidskraft. Utvinningstakten av fossil energi og nedbygginga av norsk natur må bremsast dramatisk.

Trygve Refsdal er forstkandidat.

Klima og grunnlaus frykt

KLIMA
INGVAR ÅBERGE
BALESTRAND

Dag og Tid har 18. november eit hovudoppslag om klimasituasjonen ved journalist Per Anders Todal. Det er mange sider ved artikkelen som bør kommenterast.

Det er langt frå vitskapleg semje om den røyndomsskildringa som kjem fram i denne artikkelen. Ulike fagfolk har frå tid til anna prøvt å ytra seg kritisk offentleg. Det er dei som får karakteristikken av klimaforskar Knut H. Alfsen at dei kjem med tvilsame eller usanne påstandar.

Alfsen kommenterer at det har skjedd ei enorm politisering av klimaspørsmålet. Det er like rett som det er tragisk, men kven er det som har skulda for å ha politisert fagfeltet? Det må vel vera dei forskarane som ikkje nøyer seg med å undersøka naturen, men også vil diktera korleis forskingsresultata skal brukast politisk. Alfsens eigen institusjon, Cicero, driv ei underleg blanding av politikk og vitskap som er bortimot ukjend elles innan realfaga.

Artikkelen er lite konkret på kva som eigentleg er risikoen, men formuleringa om «ei frykteleg utvikling» samanfattar kanskje det meste. Det er vagt og skræmmande nok til at kvar kan fylla inn med det han eller ho måtte ynskja.

Det den klimapolitiske nobiliteten som vert intervjuar, ikkje tek omsyn til, er at klimaet på jorda har vore varmare før. Til dels mykje varmare, om ein går lagt nok tilbake, og klimasystemet fungerer ikkje grunnleggjande ulikt om det er varmt eller kaldt. Difor

er den tilsynelatande forventninga om sterkt endra klimamekanismar på grunn av nokre grader oppvarming utan hald i observasjonane.

Ekstremvêr grunna global oppvarming er ein hypotese. Det finst ein mothypotese som kanskje er like godt grunngeven, at varmare klima fører til mindre ekstremvêr. Grunnen til å tru det fyrste er at høgare temperatur fører meir energi inn i vêrsystema. Grunnen til å tru det siste er at varmare klima fører til mindre temperaturskilnader mellom polane og ekvator.

Det er for enkelt å gå ut frå at eit samansett system som klimaet kan forståast ut frå berre éin av faktorene som verkar inn på det, i dette tilfellet drivhuseffekten, og helst den delen som skuldast CO₂. Ein kan ikkje føreseia kor varmt det skal verta i framtida berre med å vita CO₂-innhaldet i lufta. Ein må samtidig vita noko om solinnstrålinga og albedo, kor mykje støv det er i lufta og av kva type, skydanninga og nivået av andre drivhusgassar enn CO₂.

Minst tre–fire av desse øvrige faktorane er også sterkt påverka av menneskeleg aktivitet, og det er påverknader som dreg både i retning av oppvarming og avkjøling. Forsøka på å vilja avgrensa den menneskelege innverknaden på klimaet til berre å gjelda drivhuseffekten er ei fagleg svak side ved argumentasjonen, men det er ein feil som også mange klimaskeptikarar er med på.

Bortsett frå desse innvendingane skal avisa ha takk for ein god og opplysende artikkel om den politiske prosessen rundt klimaforhandlingane.

Ivar Aasen tunet

ADVENTSKALENDER

24 små songbøker med gamle og nye nynorske julesongar

Inspirasjon til songstunder i ei travel adventstid, år etter år

KR 279

www.aasentunet.no/butikk